

Velkommen til damehelg på Helgatur

16. - 18. september 2022

Tema: På vandring


«Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min stig.» Salme 119, 105



Kjære damer!

I fine haustfargar samlast me til damehelg på Helgatun. Alt er gjort klart til oss – seng og rom, mat og drikka. Her kan me vandra heile helga i lag med kjekke damer! For vandring er nettopp tema for helga. Å vandra saman med Jesus er ei spanande vandring, i både glede og sorg. I gamle testamentet møter me Rut som vandra med Herren, og me skal få eit glimt inn i hennar liv. Hildur Øvsthus skal ta oss med på denne vandringa. Aslaug Hellesøy vil gle oss med fin song og Marit Lindekleiv spelar piano til både solosong og allsong. Om vêret er fint et me lunsjen ute, så ta gjerne med eit sitjeunderlag. Damehelg skal òg vera fritid, så etter lunsj kan du gjera det du har lyst til – strikka, kvila, gå tur... Sydame Mona Rosvold Bauge vert med, og tek oss med på ei vandring i si quilteverd. Frå kjøkenet kjem det sjølvsagt god mat – med festmiddag på laurdagskvelden i ein festpynta matsal.

Velkomen!



Fredag 16. september

16.30 Velkomen til Helgatun

19.00 Middag med dessert er klar!

20.00 Me samlast i peisestova der me vert kjende med kvarandre og får litt info om helga. Basar høyrer med på damehelg og det er fint om du tek med ein liten gevinst. Så vandrar me inn i møtesalen og får små glimt frå Inger Elise si vandring.

Laurdag 17. septmeber

08.30- 0930 Fleksifrukost

10.00 Samling om Guds Ord v/Hildur Øvsthus

Rut si vandring

11.30 Fritid, turtid, strikketid...

13.00 Lunsjtid

15.15 Mi vandring i quilteverda v/ Mona Rosvold Bauge

16.00 Kaffistund m/ god prat

18.00 Festmiddag, alle gler seg!

20.00 Mi vandring gjennom livet

med kveldens gjest

Kaffi og kake etterpå

Sundag 18. septmeber

08.30-09.30 Fleksifrukost

10.00 Samling om Guds Ord. v/Hildur Øvsthus.


Vår vandring med Jesus

Kollekt til Helgatun

Delestund, forbøn, song

13.00

Middag



Påmelding:

Helgatun tlf.: 56519898

helgatun@helgatun.no

Gje melding om evt matallergi.

Kjempeflott om nokon deler rom,
så får vi plass til endå fleire!

Talar: Hildur Øvsthus

Song: Aslaug Hellesøy

Piano: Marit Lindekleiv

Komite: Anne Marie Solsvik

Birgit Mørkve Hjelmeland

Jorunn Fylkesnes Johannesen

Prisar:

Enkeltrom kr. 2200

Dobbeltrom kr. 1900

Tresengsrom kr. 1700

Dagsbesøk med mat kr. 500 pr. dag